

ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 6

JUNI 1977

27. årgang

Heim og barnehage

Vi har framfor oss ei utgreiing om barnehageutbygginga i Orkdal. Eit svært dokument! Skolekontoret som har fått bandtvang til å arbeide med dette, har etter som vi kan sjå gjort godt arbeid. Investeringskostnadane er mest 7. mill. kr., og driftsunderskotet kvart år på nærare 2. mill. Tala skræmer ein mest ned i grava.

Men økonomien her er ikkje vår sak før skattekronene tek til å rulle. Det er noe anna og langt viktigare vi er redd for, nemleg ideologien bak alt dette. Vi har sentralisert bustadbygginga til uboteleg skade for folkeliv og jordbruk, vi har sentralisert skolane og dermed svekka vesentleg nærkulturmiljøet, vi har sentralisert dei eldre langt bort frå heim og slekt til murkolloasar utan like. Alle desse etterkrigsgenerasjonen sine synder kjem meir og meir fram i dagen. Men den sentralisering som får størst konsekvens og som vil føre til ei totalomforming av samfunnet vårt er barnehageutbygginga. Det gjeld ei sentralisering av forskolebarna frå heim til institusjon.


Vi veit det må finnast barnehagar. Vi trur også at noen barn har godt av å vere i barnehage. Og slik samfunnet vårt har lagt opp sin politikk så er behovet for dette blitt pressa opp. Men dokumentet frå Orkdal skolekontor skræmmer oss. Ei uthyggning etter dette mønster (som er pålagt av staten) vil etter kvart føre til at alle barn kjem i barnehage. Det ligg innebygt eit veldig press i sjølve planlegginga. Vi augnar den situasjonen at barn som ikkje er i barnehage, og småbarnshusmødre som ikkje er i arbeid utanom heimen blir mobbeobjekta i framtida. Så kjem det i tillegg at den økonomiske planlegginga tvingar mødrane ut, og barna i institusjonen.

Motsvaret må vere omsorgsløn for heimeverande småbarnsmødre. Ein barnehageplass for småbarn kjem på omlag 12.000 kr. for året for samfunnet. Desse midlane bør i stor grad overførast til heimen. I tillegg til dette kunne ein så prøve få dei eldre tilbake til heimen med å gi omsorgsløn også for hjelp til desse. Derved har vi skaffa trygt økonomisk grunnlag bak landet sin største og viktig-


(Framh. s. 2.)

Konsentrasjon om det sentrale

Meir og meir blir vi mint om kor viktig det er å samle tanke og sinn om dei sentrale trussanningane. Som hjelp kan vi bruke dei gamle kyrkjelege truvedkjenningane. Tenk til dømes ein halvtid konsentrert på eit av emna som følgjer: Gud som skapar, allmektig, far. Jesus som frelsar, død, oppstanden, har all makt. Kyrkja/menigheten, åndskraft, kristent samfunn, dåp, nattverd, evig liv. Kristenfolket presterer ein masse aktivitetar for å kome ut med evangeliet. Det viktigaste og nødvendige er å leve for Guds åsyn. Som påminning om det har vi gjengitt altaret og altartavla i Orkdalskyrkja nedanfor.




SLEKTERS GANG



Døpte

Orkdal.

- 24.4 Are Rikstad
Monica Skorild
1.5 Maria Bakken (Døpt i Azania Lutheran Church/Dar es Salam)
18.5. Jan André Guttormsen
Mona Garberg
29.5 Mona Tromsdal
Siri Salberg

Orkanger
1.5 Verner RindalOrkland
19.5 Tormod Svorkmo

Vigde

Orkdal

- 23.4 Arne Solbu og
Ann Sofie Filipsen
Arve Morten Lynum og
Kjersti Haugland
28.5 Bjørn Hansen og
Randi Hagen
Alv Magne Sommervold og
Bjørg Solvor Sommervold

Orkland
28.5 Einar Gaustad og
Berit Johanne OpøienOrkanger
28.5 Roald Arnt Kvåle og
Aina Elisabet Moe

Heim og barnehage - -

Framh. frå s. 1.

aste arbeidsplass som heimen er. Vi har vidare fått storfamilien tilbake som den naturgitte ordning det er. Om vi planlegg slik har vi sjansar til å skape eit sunt samfunn trass alt.

Arets ferieavvikling skjer slik:
Menighetssekrt. har ferie: 4.7 - 31.7.
Soknepresten har ferie: 11.7 - 31.7 og
ei veke seinare på hausten.
Res.kap. har ferie: 1.8 - 28.8.

Prestane tenestegjer for kvarandre:
Prestekontora blir betjent slik i juli og
august:
Svorkmo: tirsdagar kl. 10 - 12
Orkanger: torsdagar kl. 10 - 12
Orkdal: laurdagar kl. 10 - 12
Elles kan ein ringa prestane for å
avtala annan tid:
Res.kap. tlf. 86841 + 2088
Sokneprest tlf. 82142



Døde

Orkdal.

- 19.4 Lars E. Mellingsæter f. 1904
25.4 Lovise Kjønli, f. 1894
26.4 Marta Eggen, f. 1898
27.4 Martin Fossum, f. 1907
29.4 Erling Sundli, f. 1901
2.5 Olav Solem, f. 1894
7.5 Ingeborg Berg, f. 1889
10.5 Nils Asmul, f. 1898
12.5 Oskar Sebastian Skjerve, f. 1898
Emma Lovise Myklebård, f. 1900
15.5 Magnhild Andrea Ås, f. 1911
16.5 Lars Ingvald Bonvik, f. 1898
Arnulf Kvaal, f. 1901

Orkland.

- 5.5 Magda(lene) Alvhilde Rosmann, f. 1890
17.5 Karen Skjølberg, f. 1895
20.5 Laurits Lien, f. 1883

Orkanger

- 29.4 Erik Skogås, f. 1902
5.5 Ole Julius Andaaas, f. 1896
12.5 Johan Ingvald Haugrønning, f. 1892
17.5 Bjørg Kvernmo, f. 1926
25.5 Aslaug Stene, f. 1919

Det trengst ei heilt ny gjennomtenking av samfunnsplanlegginga no, og det er snart på tide at folk blir klår over hovudideologien bak vår tids barnehageplanlegging: Samfunnet skal meir og meir ta seg av oppsedinga av barna. Det er ein fare både for det kristne kultursamfunn og for demokratiet.

Barnekårets ånd

Dere fikk jo ikke treldommens ånd, så dere etter skulle frykte, men dere fikk barnekårets Ånd, ved hvilken vi roper Abba, Fader. Ånden selv vitner med vår ånd, at vi er Guds barn. Rom. 8. 15 - 16.

Hvis denne Ånden vitner med vår ånd at vi er Guds barn, — ja da må vi jo vite at vi er Guds barn. Videre kan vi også lese i 1. Joh. 3, 14. Vi vet vi er gått over fra døden til livet. Paulus ser ut til å være svært viss på at han er Guds barn. Vi leser fra Romerbrevet igjen, kapittel 8. 38-39. Jeg er viss på at hverken død eller liv, hverken engler eller krefter, hverken hva nu er, eller hva komme skal, eller noen makt skal kunne skille oss fra Guds kjærighet i Kristus Jesus, vår Herre.

Du sier så: «jeg kan ikke være en rett kristen, for jeg har ikke alltid denne vissheten.» La oss klargjøre dette. Hva er det som frelser oss? Jo, troen på Jesus Kristus frelser oss. Vissheten frelser ingen. Hvis vi kan si med salmisten: «For all den ting jeg visste, kan jeg ei min Jesus miste». Da er du et Guds barn, selv om du mangler vissheten.

Kan så alle kristne få denne vissheten? Bibelen sier et klart ja til dette. Ved troen er vi Guds barn, men først når en oppnår full forvissning om sitt barnekårv, føres han inn i det frigjorte, glade og sterke liv med Gud. Uvissitet skaper usikkerhet og usikkerhet. Utryggheten maktstjeler oss, og tar motet fra oss. Derfor må vi streve etter vissheten. Vissheten vil gi oss pågangsmot og erobringeskraft. Kristus skal frigjøre oss fra treldommens ånd og til tryggheten i barnekårets Ånd.

Det er Ånden selv som gir denne vissheten i vårt indre. Hvis du sier: «jeg er visst Guds barn for jeg tror på Jesus Kristus», da vil Guds Ånd stemme i «ja sannelig du er Guds barn». Da vil vissheten være der, — og gleden og tryggheten følge i dens spor.

Rosenius sier om dette: «Åndens vitnesbyrd består i en følbar forvissning i mitt hjerte om at alt det evangelium forkynner er sant og er mitt.»

Barnekårets Ånd sier oss mye. Gud vil være vår far og vi hans barn

Framh. s. 4.

SLEKTERS GANG

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkje
Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar

Kasserar:
Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gåver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Søvasskjølen Fjellkyrkje

Til orientering i den aktuelle debatt kan det vere nyttig med litt historikk. Alt i 1963 blei den første fjellkyrkjekomiteen oppnevnt. I 1966 blei plaseringsdrøftingane ført. Ein fann m.a. ut at Søvassliområdet var uegna for den funksjon ei fjellkyrkje skulle ha fordi det låg utanom turløyper og hyttekonsentrasijs. Misjonssambandet kjøpte Søvassli ungdomssenter fleire år seinare. Dette har ein annan funksjon som leirstad for Nordmøre og Trøndelag kretsar av Misjonssambandet. Det har aldri vore noen konflikt mellom tanken å reise fjellkyrkje og ungdomssenteropplegget. Det har gjennom desse åra sete mange medlemmer av Misjonssambandet i sokneråda i Orkdal, dei har alle gått inn for arbeidet med å reise fjellkyrkja. For å markere at dette var ei sentral kyrkjesak i dalen blei det første store offeret til Søvasskjølen fjellkyrkje gitt som jubileumsoffer da Moskyrja var 100 år i 1967.

Prestar, sokneråd og kyrkjelyd takkar for tenesten og vi gled oss over at Solem har lova å ta tak også no når han går attende til lærargjerningen. Da blir han nok å finna mellom dei mange flinke frivillige medarbeidarar.

Takk til Per Solem — og til Jorid Opsal

Menighetssekretæren
vår — Per Solem sluttar i tenesten 31/7 for å gå attende til skolearbeidet. Solem gjekk inn i menighetsarbeidet av ideelle grunnar — men det var heile tida føresetnaden at det skulle vera for kortare tid. Han såg at prestane hadde for mykje & gjere under vakanse i kallikapellanstillinga og stillte sin arbeidskraft til disposisjon. Han såg nok også at prestane var nøydd å prioritera «burt» sumt viktig arbeid og at dette ville han hjelpe med. No når det er utsikt til at ein prest kjem inn i stillinga på Orkanger ser så Solem si «førstehjelsteneste» som utført.

Vi er glade for den innsats Solem har gjort i desse to åra. Seint og tidleg har han vore i farten. Mange er dei gamle og sjuke som han har fått gjye oppvarming og glede. Store konfirmantkull har han førebudd og hjelpt. I kyrkjelydssamvær var han trufast med og i søndagsskole og ungdomsklubb gjekk han aldri trøyt. Det skal visst ingen ha opplevd at han nokongong sa nei — om han vart spurta til ei teneste. Også i den stille sjelersong fekk Solem bety mykje.

Prestar, sokneråd og kyrkjelyd takkar for tenesten og vi gled oss over at Solem har lova å ta tak også no når han går attende til lærargjerningen. Da blir han nok å finna mellom dei mange flinke frivillige medarbeidarar.

K.R.



Støtt reisinga av Søvasskjølen fjellkyrkje.

Hugs postgiro 3 67 54 36 —
7310 Gjølme. Vi har også konti i bankane i Orkdal. Kvart innsendt bidrag er til hjelp for oss både økonomisk og moralisk i arbeidet for å få reist dette viktige kyrkjesentret.

Jorid Opsal

Jorid Opsal har vore eittåring/ungdomssekretær i Orkland sokn dette året. Ho har sett merker etter seg. Det har skjedd saker og ting i soknet vårt fordi Jorid har vore her. Det har kanskje ikke synt seg mest i det ytre — endå speidarsamvær og eldresamlingar har blitt arrangert på relikte og rad — men det er blitt ei merkbar åndeleg uro. Guds rike har komme nærmare, og Guds kraft har synt seg sterkare enn før.

Vi takkar Jorid fordi ho ga oss dette året. Du har vunne deg mange venner i Orkland sokn.

Kjære venn,
er du frelst?

Saknar du noko?

Sei det til Jesus!

Søkjer du noko?

Svaret er Jesus!

Ham er svaret på alle dine spørsmål.
Ham er Samninga.
Ham er livet.

Det er om Ham det blir sagt:

«Så skal min Gud,
rik som han er på herlegdom
i Kristus Jesus,
gje dykk alt de treng». (Fil. 4, 19)

Dersom du vil ta imot ham som din
Frelsar og Herre, er dette ditt løfte.

HAN ELSKAR DEG,
og han kallar på deg.

Det er tre grupper eg tenkjer spesielt på. Kanskje hører du heime i ei av dei:

1) De gamle, som veit at de ikke har mange år att å leve her.
Jesus ventar på dykk!

2) De som er unge og sunne og har heim og familie å ta vare på.
Jesus kallar på dykk. Han vil forvandle både heimen og familien for at glede, fred og kjærleik skal råde i bygden og i landet.

3) De som er tenåringar.
Jesus elskar dykk fordi de er reine og gode og lite smitta av det vondt i denne verda. Jesus vil ha dykk med i sin vitnehær. Kom og bli med!

Ta Jesus på ordet, så skal du få sjå at Han er HERLEG!

GUD SIGNE DEG!

Jorid.

JONAS FROST**sokneprest i Orkdal 1825—1845**

Jonas Frost var fødd 27. sept. 1760 på Frosta slik som forgjengaren. Foreldra var bonde Ole Kristensen Moxnes og kone Malene Andensdatter. Han var heile 25 år da han i 1785 tok til på Trondheim Kathedralskole. Han vart student i 1790 med karakteren Haud illaudabilis. Philosophikom tok han med Laudabilis i 1791. Teologien gjorde han ifra seg «bemerkelsesverdig» snøggt. Han brukte berre to år og enda greidde han karakteren Haud. (1793). Og enda vart det skreve i bedømninga av han at han sto til Laud etter svara (men han hadde berre sagt opp til Haud). I 1794 vart han tilsett som adjunkt ved Herlufsholms skole i Kjøbenhavn men alt i 1795 fekk han res.kap. stillinga i Støren. Der syntte han som den flinke bonde son han var og dreiv opp kapellansgarden frå å vera eit småbruk til å vernta ein skikkleg gard. Etter 9 år i Støren kjem han til Nesset i Roms-

dal som sokneprest (1804). Der blir han i 21 år og kjem i 1825 til Orkdal som sokneprest. Her var han sokneprest til sin død 31/5 1845 (85 år gml.)

Han var 37 år da han gifte seg i 1797 med Dorothea von der Lippe Parelius. Ho var fødd i Trondheim 1779 og var dotter til seinare sokneprest i Meldal Jocab von der Lippe Parelius. Ho var altså 18 år da ho gifte seg. Dei hadde desse borna:

1. Jocab von der Lippe Parelius Frost f. 1798. Sokneprest til Ulvik i Hardanger. Død 1865.
2. Magdalene Frost f. 1800. Gift med skolelærar Even Rian på Orkanger. Død 1872.
3. Ole Frost f. 1801 død 1802.
4. Margrethe Schjøtt Mørch Frost f. 1803 død 1843. Gift med landhandlar Jens Paulsen i Lærdal.

At Jonas Frost skifte namn frå Moxnes til Frost da han vart teologisk kandidat, må vi ikkje skriva på hoff-ferdihetens konto. Alt må domast ut frå si tid og dengongen var det vanleg skikk at «skolerede menn» som kom frå almuen tok slektsnamn frå den bygd dei setta. (fjr. Støren, Mel-dahl, Selboe, Oppdahl o.a.) I sine seinare år var Jonas Frost veikhsug i føtene. Det var vanskeleg for han å stå og også å gå. Så fekk han lage seg stolar med hjul på til bruk innanfor altarringen når han skulle forrette ved nattverdutdeling. Så fekk han medhjelpare til å trilla seg rundt. I kallisboka for Orkdal har Skrondal skreve at det var ein slitt stol i kvar kyrkje. Den som var i bruk i Orkland kyrkje sto enno i kyrkja der, og den som hørde Orkdal k. til kom seinare til garden Berge i Orkland (iflg. Skrondal).

KGR.

Beis så det dekker!

- * Beis nytt treverk. Også trykkimpregnert.
- * Beis nytt og gammelt sammen.
- * Beis skjoldene bort.
- * Skift beisfarve.

med Demidekk Dekkbeis



Tettere, mer dekkende i farven enn annen beis.

Impregnerer som vanlig beis, men gir bedre langtidsbeskyttelse.

Fyldig konsistens, lett å stryke. Ingen skjolding, intet söl.

Se Demidekk-oppstrøk hos oss.

Fannrem Farvehandel

7320 FANNREM
Tlf. (074) 82 332

Barnekårets ånd - - -

Framh. frå s. 2.

i Kristus Jesus. Og er vi barn, da er vi og arvinger til Jesu Kristi rike. Barnet er beskyttet av sin far, og hele fars eiendom vil bli barnets eiendom.

La oss hvile i dette at han som har all makt i himmel og på jord har gitt oss barnekårets Ånd, og arve-retten til det himmelske rike.

P.S.

5. Ole Frost f. 1805. Res. kap. på Hitra, sokneprest i Bud i Romsdal og i Aure. Tok avskil frå prestegjerninga i 1857 og busette seg i Danmark der han døydde i 1877.

6. Maren Johanne Frost f. 1806, død ugift på Fannrem i 1890.
7. Margrethe Elisabeth Frost f. 1808 gift med bonde Iver S. Fandrem.
8. Christian Frost f. 1810. Personell-kap. i Orkdal i 1840.
9. Anton Bendict Frost f. 1815. Styrar av ein «middelstandsskole» i Trondheim, sokneprest til Vega, til Stranda og til Frosta der han døydde i 1875.

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR
ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørddager er alle kontorer
stengt.

Konstads Bokhandel

Orkanger.


Bøker - Papir
Skolemateriell

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.
Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo Handelssamlag



JESUS og LUTHER på museum

Ola Monset i Monsetgrenda har eit sjeldan fint gardsmuseum. Som bildet syner er det mange underfundige ting her. Det er godt at desse sakene ikkje har hamna hos oppkjøparar. Museet syner også korleis folk dekorerte veggene sine før i tida. Dei bibelske påminningane hang der til ettertanke kvar dag.

Vi fall også i tankar over dette bildet. Har vi i vår tid gjort Jesus og Luther til museumsvare. La oss først ta kyrkjefaderen. Det er nok ikkje mange som dekorerer veggene sine med kyrkjefedrene i vår tid. Det er ikkje på mote å ha vørnad for dei som har vist oss veg no til dags. Vi tilrår hermed eit fornøy studium av dei gamle kristne heilagmannens skrifter. Det vi da vil oppdage at dei er komne lenger i mangt og er også i mangt vidare enn vår tids vismenn og litteratur.

Dei viser i alle fall til Jesus. Svært mange har også sett han på museum. Det har vore snakk om «ei kristen oppsedding i heim og skole». Jesus må inn i heimen igjen, og i all opplæring. Og vi bør så avgjort få kristne motiv over veggdekorasjonane våre. La alle som kjem inn få sjå at her er det ein kristen heim, og få merke at her rår det kristenmanns ånd. Det trengst i dag at trollet får vondt i nasen av kristenmanns blodlukt.

Kristendom og politikk

I menighetssamanhang skal det ikkje drivast partipolitikk. Her skal folk av alle politiske syn få kome og få fellesskap. Vi trur også det vanlegvis er rett at ein prest held seg borte frå aktiv politisk verksemد p.g.a. den særstilling han har i menigheten.

Men det som her er sagt vil ikkje seie at det som skjer i menigheten ikkje får politisk konsekvens. Menigheten bør vere eit irritasjonsmoment i det politiske liv. For menigheten er det ikkje likegyldig korleis samfunnet fungerer. Forkynninga må også rettleie og skape spenningar på dette området. Den kristne menighet er framleis med begge beina på jorda.

Ei spesiell sak har skapt uro dei siste åra. Det gjeld abortspørsmålet. Knapt aldri har vel den kristne kyrkje sagt så samstemmig ifrå. Liv skal vernast, og den aller svakaste part i livskampen, fosteret, bør få spesielt rettsvern. Det er totalt uakseptabelt med sjølbeseint/fri abort for ein kristen menighet. Det har vore ein tendens i den politiske debatt i det siste å isolere biskop Per Lønning i denne saka. Det er så heilt blåøygd. Eit samla norsk kristenfolk står bak Per Lønning i dette. Dei parti som da programfestar fri/sjølvalt abort har valt å utfordre kristenfolket på det skarpaste, det skulle ikkje undre dei at det frå kyrkja blir tatt klårt til motmåle mot slikt.

Menighetsberetning for Orkedalens menighet

I 1917 ga res.kap. Egil Brekke ut eit interessant skrift på Svorkmo Prenteverk med tittelen som nennit ovanfor. Det var eit 52 sides interessant årsskrift for menigheten. Sokneprest Vilhelm Koren skreiv der ein artikkel om: «Vore gudstjenester», som vi gjengir litt ifrå her:

— Der er rum for alle som søker Gud, enten de er nær eller endnu langt borte; for gamle og unge, rike og fattige, vise og uvise, begyndere og viderekomne er der plads. Kirken er i virkeligheten det mest demokratiske sted paa jorden, hvor menneskelig forskjel intet skal gjælde. Det er heller ikke en kreds eller en klik som samles om særformaal eller om en menneskelig leder, men menigheten som samles om Herren og hans sak, som til sist er hele menneskehets sak. Der er en egen magt i fællesskapet, i samfundet: den enkelte kan nok oppbygges i lønammeret, men

avstande, huslige baand og mangt andet lægger hindringer ivedien for den jævne kirkegang. Men den sterste hindring er slovheten — man kommer ikke paa at man har noget der at gjøre — og manglende sans for fællesskapet og for de aandelige verdier. En ringeagtet og forsømt gudstjeneste er til stor skade for den enkelte og menigheten, og bøtes ikke ved megen travelhet for ellers gode formaal.

Gid menighetssamlingerne i vore kirker maa øve sin dragende magt paa os, — som søndagens store hovedsak, den for hvis skyld vi egentlig har søndag; maatte de bli os «som hjemmet saa kjær». Gid der maa være aapne ører og hjerter hos dem som hører, bedende hjerter hos dem som ord. Gid der maa bli magt i menighetssangen, saa vi kan synge Herren en ny sang. Gud give os at utnytte bedre rigdommene i ord og sakrament, saa vi mere maa dannes til en menighet. Det sker ikke ved magt og kraft, men ved Herrens aand.

Kom og vær med og hjælp til og tag din plads. Ingen anden kan fylde den.

Du kirke under Norges fjeld løft høit dit taarn og tind og kald mit folk i ve og vel til dine goder ind.

Du kirke paa den norske kyst O før mit folk til Gud, da skal med tak fra tusen bryst din ære synges ud.

(Jonas Dahl)

V. Koren

Misjonsskolen på Fjellhaug besøker Orkdal fredag 10. juni



Gåver til bladet

Orkanger (mars 1977)

Ove og Ellen Antonsen 20. Konsitanse Kvarsnes 10. Pedersen og Karl sen 30. Gerda Reitan 10. A. og A. Svensen 20. Martin Kjønli 20. Ragna Mælen 30. Ragna Richter 20. Mary Snee 10. Marie Kjønli 20. Oline og Sigrid Rømmesmo 20. Nusse og Irene Rømme 20. Magda og Arne Opøien 20. G. og O. Vik 20. Helen og Einar Breunig 20. Anne Hongslo 10. Johanne Svee 10. Aud Krognes 30. Solveig og Birger Solem 20. Kitty Dyrseth 10. Sofie og John Kleven 20. Johannes Lund 20. Mette Els haug 10. Pauline Bakk 20. Vally og Erling Valstad 20. E. og B. Kvarsnes 10. J.B. 10. I.I. Evjen 10. Olga Espen 10. Oline og John Øyen 20. Emma Fagerholt 20. Alfr. Metliås 20.

Orkdal (mars 1977)

Gunvor og Bjarne Bjørndal 20. Petra og Arne Melby 20. Marta Alexander 10. Olga Januschas 10. Ragna og Kr. Kvåkland 20. Anne og Sivert Fergestad 20. Jarle B. Sommervold 20. Maja og Sig. Ødyn 20. Beret og Johan Meås 20. Ida Lium 20. Kristofer Prestmo 20. Marit og Johan Solstad 20. Marit Haugem 25. Mar en og Erik Mjønesaune 20. Kristian Kokseter 10. Margrete og Anders Fuglås 20. Tødaas 20. Kristian og Dorthea Sørli 20. Berit og Arne Garberg 20. Anne og Peder Kvåle 50. Magne Ljøkkel By 25. Else og Bård Bakk 20.

Orkland (mars 1977)

Idunn og Magne Havik 20. Birgitta og John-Magne Berg 20. Jenny Rise 10. Målfrid og Henrik Hoston 40. Marit Sæter 10. Gudrun og Wilhelm Lund 20. Hilda Solem 20. Borghild og Anders Øyasæter 20. Johanna og Bjørn Løkken 20. Ida Solbu 10. Berit Krokstad 20. Gunhild og Helge Hoston 20. Hilda Bredesen 10. Jorid og Morits Bakken 20.

Gjølme (mars 1977)

Arnt J. Dyndal 15. Olga Dørdal 20. Reidun og Kristian Hansen 20.

Utenbygds (mars)

E. Troøyen, Steinkjer 20. Joh. Asphjell, Rustefjelbma 30. Jenny Fuglerud, Sylling 25. Berit Berdahl, A i Åfjord 20. Britt Sølvli og Dagfinn Bakk, Stjørdal 20. Hjørdis og Per Schiefløe, Mo i Rana 15.



Fjellhaug misjonskor har konsert i Moe kyrkje fredag 10. 6. kl. 19.30. Koret er leda av den kjente songpedagogen Ole Ledang. I alt 50 misjonsstudentar er med. Elles er Aasta Moldsvor, Olav Uglem, Anders Hoaas og Audun Adland med. Vi ventar oss litt av ein kveld i Mos kyrkja!

Misjonssambandet

Trøndelag krets har videre krets møte i menighetene våre 25. - 26. juni. Vi ønskjer det store kretsmøtet vel møtt til oss, og ber om Guds signering over møter og forhandlingar. Det er gudstenester i alle kyrkjene søndag 26.6. Sjå gudstenestelista.

Konfirmasjonane

er over også for i år. Dei unge konfirmantane er i ein veldig spenningsfylt alder, og vårt samfunn minskar ikkje spenninga for dei. Tenk om vi kunne ha eit rikare menighetsmiljø å tilby alle desse ungdomane?! I tru på Guds veisigning, men i djup uro for korleis menighetene vil vere ein heim for dei har vi halde konfirmasjons gudstemester.

Kvinneforeningsstennet

for Det norske misjonsseksjon blir i år tysdag 28. juni på Sølberget bedehus. Misjonær Mikkelsen og Ottar Hyldmo er med. Stemmet tek til kl. 13.

Til nytt orgel i Orkdal kyrkje er gjeve anonym gawe på Kr. 5.000,—. Hjarteleg takk.

For Orkdal Sokneråd
Arnt Gangås.

Eldretur til Bakksætra
for Orkland sokn torsdag 16. juni.
Reis kl. 10. Dei som vil vere med
melder frå til Jorid Opsal el. Ranveig
Tronvoll innan 14. juni.



Omlag 30 speidrar
frå Svorkmo KFUM/K og Fannrem
KFUM skal til Julneset ved Molde på
speidarlær siste veka i juni.

Ulve/meiseleir
er det på Tjønnåsen 17. - 19. juni.

Res.kap. har tenestefri for å vere leir prest på speidarlær på Julneset 25/6 — 1/7. Soknepresten er vikar.

Hjertelig takk for all deltagelse ved Magdalene Alvihilde Rosmann's begravelse. En takk til bestyrer og betjening ved Orkdal Alders- og Sjukeheim for god pleie.

For slekta
Familiene Tande/Sortland

Til alle som husket oss på konfirmasjonsdagen sier vi hjertelig takk!

Sigmund
Ragna og Brage Fagerli

Takk til alle som gledde oss med hilsningar på konfirmasjonsdagen.

Gunn
Ollaug og Inge Eidhamar

Vi ønskjer alle kundane våre og alle vi samarbeider med
EIN GOD SOMMAR!
i arbeid og fritid.

BØNDERNES SALGSLAG

avd. Fannrem.



Klokken
ringjer
til
guds-
teneste
på
søndag !

19.6 2. s. i trieinings

Støylen skole kl. 11: Gudstenestleg møte v/prost Rogstad.

Orkanger kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar.

Tjønnåsen kl. 15: Speidargudstj. v/res. kap. Eidhamar.

26.6. 3. s. i trieinings

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad og misj.sekr. Gabriel Eikli. Offer til Misjonssambandet.

Moe kyrkje kl. 11: Gudst. møte v/Aasmund Eikli og ungdomskap. Bjørn Valde. Offer til Misjonssambandet.

Orkanger kyrkje kl. 11: Gudst. møte v/misjonær Karsten Vallen. Offer til misjonssambandet.

Geitastrand kyrkje kl. 11: Gudst. møte v/Oskar Jønland og Georg Sjaastad. Offer til Misjonssambandet. Buss fra Råbygda.

3.7. 4. s. i trieinings.

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Nattverd.

Orkanger kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Nattverd.

10.7 . 5. s. i trieinings.

Moe kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Nattverd.

Denne søndag er prosten i Børsa k. der Arne Grønning innsettes som s.p.r.

17.7. 6. s. i trieinings.

Geitastrand kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Nattverd. Buss fra Husdalen.

24.7. 7 s. i trieinings

Orkanger kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Nattverd.

29.7. Olsokdag

Moe kyrkje kl. 20.00: Olsokmesse v/res. kap. Eidhamar.

31.7. 8. s. i trieinings.

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Nattverd. Offer til Norges samemisjon.

7.8. 9. s. i trieinings

Moe kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Offer til menighetsfakultetet.

14.8. 10. s. i trieinings

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Nattverd. Offer til misjon bak jernteppet.

21.8. 11. s. i trieinings

Orkanger kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Nattverd. Offer til Orkanger menighetshus.

28.8. 12. s. i trieinings

Geitastrand kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Buss fra Råbygda.

4.9. 13. s. i trieinings

Moe kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Nattverd.

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad.

BUNADSSØLV

(ørepryd) funne utamfor Moskyrkja 19. 5. Kan hentast på prestekontoret.

Lesestoff til sommars

Corrie Ten Boom er etter kvart blitt kjent og kjær. Boka «Skjulestedet» fortel om krigen i Holland med kamp for ettersøkte og situasjonen i tysk kvinnekonsentrationsleir. I «Landstryker for Herren» får vi glimt fra hennar verdsomspennande reiseverksemnd i mange år for å vitne om frigjeren Jesus. Ho har vore mest over alt. Hennar enkle og sterke gudstillit fører henne til store og underlege opplevelingar. «Men størst er kjærligheten» følgjer eit liknande opplegg. Lettlese og rikt stoff. Det er trusstyrkjande å vere med Corrie Ten Boom på hennar reiser. Bøkene er gitt ut i bildegokformat på Ansgar forlag.

Corrie Ten Boom har ei sterk tru på Guds ord, og Bibelen er følgevenn overalt. Det minner oss om at Bibelen er det beste sommarlesestoff. Dagleg bibellesing er nødvendig for vekst og utvikling i kristenlivet. Skal den andelege oppvekking som vi merkar så sterkt i dag utvikle seg rett må Guds ord flittig brukast.



La oss be

- for alle «syndere i sommersol».
- for rett bruk av sommartid og ferie.
- for kristen bruk av vår gode økonomi.

La oss takke

- for alle Guds velsigningar, dei er mange.
- for kristen søskenkjærleik,
- for søndagen og gudstenesta.